

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021 til orientering.

Punkt 1

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021 - 2024 til orientering»

Rita Tonning (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek presentasjon av Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 / 2024 til vitande.»

Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4:

Hovedutval for kultur, idrett og integrering ber om at de vedtatte innsparingstiltakene konkretiseres for hvert bevilgningsnivå, og tydeliggjøres for videre politisk behandling.»

Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 fekk ingen røyster og fall.

Håland sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, Frp, R).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R).

Davies sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, Frp, Pp).

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021 til orientering.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021 - 2024 til orientering

3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om at de vedtatte innsparingstiltakene konkretiseres for hvert bevilgningsnivå, og tydeliggjøres for videre politisk behandling.